

Til sak 6 på årsmøtet i Herand Vasslag SA for 2024

Konsulentfirmaet Asplan Viak har laga ein omfattande forstudie med opplysningar om vassverket og vasslaget som grunnlag for kommunen sitt arbeid med saka. Styret gjer framlegg om å halde fram med prosessen for å søkje om kommunal overtaking av vassverket etter fylgjande plan:

- Vi vil forhandle med kommunen om reduserte avgifter for landbruk og næring
- Abonnentane står fritt til å melde seg ut
- Ekstraordinært årsmøte i vasslaget må gjere endeleg vedtak om å søkje om overtaking og tilhøyrande oppløysing av vasslaget (jfr Vedtektene for Herand Vasslag). I dette vedtaket ynskjer Herand Vasslag SA at Ullensvang kommune overtek vassverket vederlagsfritt og med dei abonnentane og den gjelda vasslaget har på tidspunktet for overtakinga. Vasslaget tek for gjeve at abonnentane då vil måtte betale årsgebyr i samsvar med gebyrsatsar i Ullensvang kommune med eventuelle justeringar etter forhandling (jfr. ovanfor), men ikkje tilknytningsgebyr for eksisterande abonnentar.

Styret har fått melding om at eventuell reduksjon i avgifter må handsamast politisk i kommunen, men at årsmøtet må stå fast på at dei ynskjer overtaking før prosessen kan takast vidare.

Kommunen sine gebyrsatsar står på kommunen sine nettsider www.ullensvang.kommune.no. Klikk her på linken: [Gebyrliste](#)